



76. årgang - nr. 1. 2020. Tryggheim skular

# Tryggheimhelsing



## Elevstevnet 2019

Les mer på s. 6-7



Poesifestivalen er  
komen for å bli  
s. 4-5



Vangsgutane 2.0  
s. 8-10



Fra Tryggheim  
- og ut i verden  
s. 18-20

# LIEDUTVALGET, NOU 2019: 25 MED RETT TIL Å MEISTRE

Kan du tenke deg ein finare tittel på ei utgreiing mynta på ungdom? Eg har hatt det privilegium å få vere med i Liedutvalget, eit utval som har sett på struktur og innhald i vidaregåande opplæring (vgo). Liedutvalget byrja sitt arbeid hausten 2017 med å analysere vgo – snautt 25 år etter Reform -94. I desember 2018 kom ei delutgreiing med analyse av tilbodet, styrkar og svakheiter. I desember 2019 låg hovudutgreiinga føre og kunne overrekkast kunnskapsminister Jan Tore Sanner av utvalsleiar Ragnhild Lied.

Gjermund Viste // Rektor

## Utdanning påverkar sysselsetting

Talet på sysselsette er klart lågare blant dei som ikkje har fullført vgo samanlikna med andre. Vidaregåande opplæring er ikkje berre inngangsbilletten til vidare utdanning. Det er ca. 84 % sysselsette blant dei som berre har vgo – mot berre ca. 60 % blant dei som ikkje har fullført vgo.

## Har alle like moglegheiter for å gjennomføre?

98 prosent av ungdomskullet startar i vgo! Utfordringa er at for mange av desse ikkje gjennomfører med yrkes- eller studiekompetanse. Hovudårsaka er at dei kjem med så variert bagasje. Mange har

låge eller manglande grunnskulepoeng. Det er eit aukande tal ungdomar som kjem utan vurdering i eitt eller fleire fag. Liedutvalget meiner at vgo ikkje er tilstrekkeleg rigga for at denne gruppa med svakt utgangspunkt skal lukkast. Det går eit

avgjerande skilje ved 3,5 i karaktersnitt. Under halvparten av dei med lågare snitt gjennomfører vgo. Totalt gjennomfører 73 % av ungdomane vgo med bestått i alle fag. Det ønskjer vi å auke.

## Opplæring som kvalifiserer

I dag har ungdom rett til tre års opplæring i vgo. Retten har ein god intensjon, men har etter utvalets meining to svakheiter. For det første er den tilmålte tida for snau for mange. Dei mister retten utan å ha klart å fullføre det løpet dei har starta på. For det andre er retten knytt til eitt definert tilbod. Alle må bruke like lang tid, gå i same takt og vere i stand til å tileigne seg og slutføre dei enkelte faga på same tid. Det er ikkje realistisk.

Dagens ordning stiller ikkje krav til kvalifikasjonar eller norskferdigheiter. Den enkelte møter ei open dør inn på Vg1. Krava til inntak til Vg2 er derimot bestått i alle fag (individuelle unntak). Ved stryk (standpunkt) har ikkje eleven rett på ny undervisning og må i tillegg ta faget på nytt som privatist. Liedutvalget foreslår at retten vert utvida til ein rett til å fullføre med studie- eller yrkeskompetanse. Det inneber ei vesentleg endring som vil flytte merksemda mot tilbodet den enkelte får. Ei utviding av retten er ikkje nok i seg sjølv. Endringa er avhengig av at det eksisterer eit

tilbod som i større grad er tilpassa den enkelte sine føresetnader.

## Danning, modning og vårt kristne verdigrunnlag

Alle skal kunne gjennomføre vgo med ein sluttkompetanse som opnar dørene for vidare utdanning og arbeidsliv. Samtidig legg vi stor vekt på den verdien vgo har i ungdomane sine liv. Dette er ein viktig arena for danning og modning og utvikling av sjølvstende og fagleg identitet på veg til å bli vaksen. I overordna del finn vi viktige verdiar å møte ungdomane med. På ein kristen friskule har vi også med synleggjering av vårt kristne verdigrunnlag.

## Ein heilskapleg løysing

Det vil koste å gjennomføre utvalets forslag. Spørsmålet er kva det kostar å la vere. Større gjennomføring vil bety auka sysselsetting og verdiskaping og færre på trygd. Våre berekningar viser at utvalets forslag er samfunnsøkonomisk lønnsamt. Noreg har ikkje råd til å halde seg med eit utdanningsssystem som ikkje gir alle høve til å gjennomføre vgo. Utvalets forslag kan oppsummerast i tre sentrale element – retten til vgo vert utvida til ein rett til å kunne fullføre, den enkelte skal ha moglegheit til å bli kvalifisert undervegs i opplæringsløpet og det skal være høg kvalitet på sluttkompetansen.

# De må ikkje krangle..

Tor Arne Laland //

Lærer, helse- og oppvekstfag

I første Mosebok kan me lese om Josef som vert seld som slave av brørne sine. Josef hamnar i fengsel, men endar opp som nestleiar i Egypt. Det går meir enn ti år før Josef treff brørne sine igjen.

Brørne har levd med ei løgn alle desse åra. Dei fortalde faren at Josef var drepen av rovdyr. No kjenner dei ikkje bror sin igjen. Josef ser dei, kjenner dei, og brørne får merke at sanninga om at bror deira lever – gjev dei nytt liv.

Historia fortel vidare at brørne ikkje berre får mat, men òg eit løfte om at det beste i Egypt skal tilhøyre dei og familiane deira.

Jesus møter oss på same måte som Josef møtte brørne sine. Påska minner oss om at Jesus lever og ønsker å gje oss nytt liv. Han vil vere vår bror, og me kan kalle Gud for Far. Han vil gje oss dagleg brød og har lova oss ei framtid saman med seg der alt skal vere godt.

Me som kallast Jesu brør og systrer, er på veg og skal koma der Jesus er. Brørne til Josef måtte òg ut på ei reise før dei kunne få del i alt som venta dei i Egypt. Høyr kva den mektige Josef sa til dei vaksne brørne sine før dei fór: «*De må ikkje krangle på vegen*» (1. Mos. 45,24). Etter alt dei hadde fått og hadde i vente, var dette ei nødvendig oppmoding?

Jesus vil ikkje berre at me held oss unna krangling når me følgjer han på reisa. I bergpreika seier han: «*Elsk fiendane dykkar og ver fullkomne*» (Matt. 5,43-48). Kan hende desse vanskelege boda best kan følgjast om me får sjå kven Jesus er, kva han har gjeve og kva me har i vente. God tur!



## Tryggheimhelsing

### Redaksjonskomité:

Kjartan Håland (redaktør)  
Anne-Berit Gomo Aanestad (redaktør)  
Sofie Braut  
Henrik Foss  
Knut Handeland  
Bjørn Topnes  
Knut Reier Indrebø (ungdomsskolen)

**Kasserer:** Elisabeth Krogedal

**E-post Tryggheim skular:**  
post@tryggheim.no

Bladet koster kr 100,- pr år.  
**Kontonr.:** 3000.23.29626

**Trykk og layout:**  
Synkron Media, Birkeland

## Tryggheimkalender

### APRIL

Man. 6.-tirs. 14. Påskeferie  
Man. 27. Misjonsløp

### MAI

Fre. 22. Fridag eller skriftlig eksamen

### JUNI

Fre. 12. Avslutningsfest

# POESIFESTIVALEN ER KOMEN FOR Å BLI!

Kveik poesifestival for yrkesfagelevar skapte glød og glede.

Tekst: Henrik Foss

Foto: Kristian Birkeland

Onsdag 12. februar inviterte skulen til ein ny minifestival i møtesalen for yrkesfagelevane - to år etter at Kveik poesifestival såg dagens ljøs. På årets program stod først og fremst songlyrikk, med tekstar av mellom andre Jakob Sande, Trygve Bjerkheim og Tønes. Musikarar, songarar og opplesarar blant tilsette og elevar framførte lyriske tekstar frå 1900- og 2000-talet.

I vekene før festivalen omsette yrkesfagelevar songtekstar frå engelsk til norsk. Fire låtar hamna i finalen og blei framførte i løpet av det to skuletimar lange arrangementet. Festivaldeltakarane kåra songen «Fylkesveg», som opphavelig har tittelen «Country Roads», til vinnar av «Kveik gjendiktningstevling». Bygg- og anleggsteknikkeleven Benjamin André stod bak omsettinga og blei premiært med den gjeve kveikstatuetten.

Etter to vellukka utgåver av Kveik poesifestival ser det ut til at datoen for det tredje arrangementet i rekka blir 9. februar 2022.



Elevar deltok i ein eigen ordtak-konkurranse då Kveik poesifestival blei arrangert. Frå venstre: Sam Shadidi, David Halsne, Embla Erviksæter, Hanna Torgersen, Tage Hauge og Ove Grude.



John Gravdal framførte «Kallen og katten» av Jakob Sande.



Country-låten «Fylkesveg» gjekk til topps i gjendiktningskonkurransen.



Lærer og muskar John Gravdal i sofasamtale.



Omsettingsfinalistane blei premierte. Frå venstre: Ruben Mjølhus, Benjamin André Olsen, Johannes Stensland, Kristian Stensland og Vetle Folkvord Håland.



Lærer Sondre Frøyland Svenseid trakterte flygelet.



Tomrareleven Kristian Stensland spelte gitar i husbandet.

## Visste du at..?

**Ragnhild Handeland** (ST 12-15 og miljøarbeider 16-17) og Sebastian Vittersø giftet seg 31. desember.

**Gjermund Viste** (rektor 2005 - ) har vært medlem av det regjeringsoppnevnte Liedutvalget, som har vurdert struktur og innhold i videregående opplæring. Utvalget la frem sin sluttrapport 17.12.2019.

**Erik Espedal Boge** (Lærer vgs 2003 - ) er medlem av læreplangruppen for programfaget *Matematikk X*, som skal utarbeide ny læreplan i «Fagfornyelsen».

Vi gratulerer, og ber dere fortsette å tipse oss om folk som bør være med på denne listen. Send e-post til [aaanestad@tryggheim.no](mailto:aaanestad@tryggheim.no), SMS til 906 52 360 (Kjartan H.), eller ring eller skriv til skolen (husk årstall og gjerne klasse!).

# Ellevstemnet 2019

10-årsjubilanter



20-årsjubilanter



30-årsjubilanter



Tekst: Kjartan Håland  
Foto: Tårn Helge Helgøy

Elevstemnet for 10 – 70-årsjubilantane gjekk av stabelen rett etter skuleslutt fredag 21. og laurdag 22. juni i 2019. Me ynskjer å takka alle som kom for å mimra om tida si på Tryggheim desse dagane. Me vonar samstundes at besøket til Tryggheim og samveret med tidlegare elevar gav meirsmak. Velkomen attende.

Me ynskjer å retta ei takk til dei som var i sving denne helga for å skapa ei ramme og eit innhald kring eit kjekt og viktig arrangement.

Bileta frå elevkulla som du her får sjå i Tryggheimhelsing, ligg også på skulen si heimeside for fri nedlasting.



40-årsjubilanter



50-årsjubilanter



60-årsjubilanter

# VANGSGUTANE 2.0

Henrik Foss  
Knut Handeland



Prismottakarane med fiffen og finstasen  
Foto: Kilian Munch, Virke

Henrik og Knut. Ser du den eine, er den andre sjeldan langt unna. I kvardagshabitatet, det opne kontormiljøet i hovudbyggets andre etasje, har «Knoll og Tott» sine karakteristiske kontorplassar. Den eine pulten ser ut som noko ein berga unna frå kjellaren til ein langtkomen litteraturentusiast med ein viss teknisk teft. Den andre som eit prøvesprengingsfelt for høgst alternativ arkivmetodikk. Papirfritt er det ikkje, for å seia det slik. Men det også ein synsdimma forbipasserande fort vil fanga opp, er den kontinuerleg sprudlande straumen av ny-ord og påhitt som stig opp frå dette nabolaget. Herfrå kvernar nemleg dei to ut stadig nye festivalar, t-skjorter og trekkspeltonar; her ligg alskens prototypar for morgondagens moglege salssuksessar, her er lyset gjerne på både seint og tidleg. Gneist og glede finn dei to i kvardagsstrev og lagarbeid med elevane og kvarandre. Møt to moderne vangsgutar; entreprenørskapslærarar med vinden i ryggen, sola i fjeset og arbeidsgleða som adelsmerke.



Tekst og foto: Sofie Braut

Vi treng neppe å leggja skjul på at dette er ei suksesshistorie; eit av desse sjeldne høva der ei bratt og lokal læringskurve på rekordtid resulterer i nasjonal utmerking og prestisjetung pris. Sjølv om det å ligga pal i fluktstolen og sola seg i glansen frå tittelen «Norges Entreprenørskapslærer 2019» ikkje er heilt dr. Handeland og dr. Foss sin stil, må det vera lov å dvela litt ved eit slikt høgdedrag i lærargjeringa og få vita meir om kva som ligg bak overskriftene og ovasjonane.

- Lærdomen vi får berre gjennom bøker og klasserom, vert om lag like presis som å måla tid med eit solur, filosoferer Knut, som saman med Henrik har latt seg overtala til å tenka høgt om entreprenørskapsfagets irrgangar.

- For å utvikla berekraftige idear må både ideane og elevane ha ei kontaktflate med røynda, vi må ut av klasserommet, vi må møte verkelege aktørar i ein verkeleg marknad, for verkeleg å læra noko. Det er nemleg dette dei vil, å sjå at idear kjem opp til overflata, tek fysisk form som ei løysing på problem og utfordringar som elevane ser rundt seg. Når Tryggheimhelsings utsending luftar eigne fordommar om at entreprenørskapstanken vel mest handlar om utsikta til å tena raske pengar, får ho kontant svar på tiltale. For det er ikkje primært utsikta til fortjeneste som motiverer, forklarar Henrik.

- Det å gjera noko for andre er som regel drivkrafta i arbeidet med å realisera idear og etablere bedrifter. Det å finna svar på noko, anten det er å redusera matsvinn eller auka livskvaliteten for andre menneske. Rosa skyer av pengedraumar forundstar dessutan fort når elevane møter røyndomen i det dei omtalar som «learning by tryning». Det er langt frå risikofritt å driva



Knut dokumenterer eigen arbeidskvardag



Alt kjem i eit litt anna lys med eiga lampe og maskot



#kvardagsglede på arbeid



*Atypiske arkivsystem gir kreativiteten spelerom*

ungdomsbedrift, og dei må læra å reisa seg etter ein smell, men elevar vert også genuint begeistra når dei gjennom hardt arbeid får erfarar at deira idear kan bidra til å gjera ein forskjell. Denne kreative risikoviljen er noko lærarduoen meiner det er eit raskt veksande behov for i samfunnet vårt.

- Vi står overfor store omstillingar, og treng nye arbeidsplassar i landet vårt. Elevane våre må sjå at dei også har ei rolle å fylla som jobbskaparar, som folk som kan vera med på å sysselsetja andre og slik gå inn som nøkkelpersonar i framtida sin arbeidsmarknad, ivrar Henrik og understrekar at dette på ein særleg måte er aktuelt å driva med i ein friskulesamanheng som vi står i her på Tryggheim.

- Mennesket lever ikkje berre for seg sjølv, som det står skrive, supplerer Knut. Han peikar på dei tette koplingane mellom entreprenørskapstenking og både luthersk og haugiansk mentalitet, som alltid har lagt vekt på nyskapande verksemd der vegen

gjerne er kort frå idé til realisering. Poenget hjå Hans Nielsen Hauge var dessutan ikkje å samla seg rikdom, men å reinvestera, å la fortjeneste koma stadig fleire til gode.

Lærarane snakkar seg varme, og dreg stadig nye «Nobel-føredrag» ut av alle tilgjengelege erme. Ein treng ikkje å uroa seg over pinlege avventande pausar, og skjønar at dette er lærarar som ikkje er redde for å stikka fingeren i det rike jordsmonnet dei står på og samstundes har god takhøgde for arbeidet og høg himmel over der att. Er det ingen skjer i sjøen når dei har eit slikt arbeid, tru? Dei har jo snakka om at metoden deira med

ungdomsbedrift byr på barsk realitetsorientering for elevane, at dei har metodar for å «overleva kaos», men alt høyrer så lett ut. Ei og anna dunkel sky sviv vel over dette landskapet også?

- Jau, det finst, erkjenner Knut. Slik som når vi oppdagar elevar som kan, men ikkje vil, ikkje investerer nok energi og lidenskap, men ser faget som ei lettvinne løype gjennom skulelivet. Det er litt nedslåande med ei slik innstilling, for her trengst ei anna haldning om ein skal lukkast. Det er ikkje ein type overmenneskeleg iderikdom som trengst, men ein må satsa litt, og bruka det ein har. Det gjeld både for elev og lærar. Det er mykje risiko involvert i det å prøva ut idear og sjå om dei slår til. Og dermed har dei, som den reinaste Terje Vigen «ristet sorgene av» og er tilbake i gleda og undringa over alt som går an å få til innan rammene av ein læreplan.

- Det er rett og slett knallgøy å arbeida på denne måten, oppsummerer Henrik, som tilstår at han dei første åra som lærar var

temmeleg lærebokstyrt, men no har teke med seg erfaringar frå arbeidet med entreprenørskapsfaget inn i dei fleste andre fag. Og med det fått ein annan lærarkvardag.

- Det er utviklande for meg som lærar og det skaper variasjon og mykje trivsel, konstaterer Henrik og makkeren Knut heng seg fort på: - Eg har heilt ærleg blitt overraska over kor mykje nytte og glede det er i å arbeida i team. Eg trudde nok tidlegare det var meir tidkrevjande og ineffektivt, men det er tvert imot svært energigivande!

Og dermed er duetten på filantropars vis inne i ei samstemt utgreiing om dei mange gode kollegaer dei har rundt seg og den gode støtta dei har frå administrasjonen og Ungt Entreprenørskap-systemet til å driva på med dette arbeidet. Lovorda sit tett, og mange gode minne frå dei knappe to åra som lærarar i entreprenørskapsfag dukkar fram. Dei har sjølv lært mykje gjennom å gå ved sida av elevane gjennom ungdomsbedriftslivets opp- og nedturar. Undervegs har dei gitt skulen «biprodukt» slik som «Kveik» - ein eigen poesifestival for yrkesfag som løftar lyrikklærdomen ut or skriverammene. Det slår meg at denne aldri kvilande kreativiteten er den reinaste antitesen til sydhavsøy-slabbedaskane Knoll og Tott. Det er heller Vangsgutane som er vekta til live her, rett nok noko oppdaterte i tråd med gjeldande skuletenking, men samstundes svært i kontakt med det opphavelige programmet då dei rot-norske teikneserieheltane i 1940 vart introduserte som eit motstykke til nettopp Knott og Tott. Vangsgutane skulle nemleg vera «to gutar som ikkje berre gjorde galne strekar». Der har vi ein karakteristikk sjølv to særskilte nøkterne noregsmeistrar truleg kan vera med på.

# Når karakteren er like viktig som karakterane

Er det berre skulefaga som er viktige for at elevane skal klara seg vidare i livet? Tryggheim ungdomsskule har frå denne hausten hatt større fokus på personlege eigenskapar som ikkje nødvendigvis har med fag å gjera – på å utvikla karakter snarare enn å få gode karakterar.



Med oppslag på veggene blir Malin Nygård, Ida Sandstøl Reiestad og dei andre åttandeklassingane minna på kva eigenskapar som er i fokus dei ulike vekene – heilt utan karakterpress.

Tekst og foto: Knut Reier Indrebo

Malin Nygård og Ida Sandstøl Reiestad går i 8. klasse på Tryggheim ungdomsskule. Dei siste vekene har dei blitt presenterte for stadig nye eigenskapar, som omsorg, tolmod, å ta ansvar, mot og sjølvkontroll. I klassen blir dei først samde om kva eigenskapen betyr, og leitar deretter saman etter døme frå kvardagen der ein har sett eigenskapen i praksis eller kunne hatt bruk for han. Elevane vert også utfordra til å sjølv prøve å bruke eigenskapen akkurat den veka.

## Ein del av daglegspråket

Ida og Malin set pris på at dei denne hausten har hatt fokus på andre ting enn berre skulefaga.

- Sjølv om me på mange måtar kjenner til desse eigenskapane frå før, tenker me litt meir over dei me har hatt om no. Me får læra viktige

ting om å vera menneske, seier dei.  
- Eg har lagt merke til at me no faktisk brukar orda og eigenskapane når me snakkar saman i friminutta - og på fritida, legg Ida til.

- Når de har fokus på slike eigenskapar – gjer det noko med korleis de oppfører dykk?

- Eg har ikkje endra så veldig mykje på det eg gjer. Men etter at me hadde om mot, har eg begynt å bruka brillene mine att. Eg har synst det har vore vanskeleg å bruka dei etter nokre ubehagelege opplevingar på barneskulen. No kan eg tenka at eg er modig om eg gjer det, seier Malin.

## Finn eigenskapane i Bibelen

Når ungdomsskulen set fokus på desse eigenskapane, er det ein del av den strategiske planen til skulen, der sosiale ferdigheiter står i fokus. Mange av ideane er henta frå eit opplegg utarbeida av SmART

kompetanse. Også dei tilsette på skulen er fornøgde med satsinga. Kontaktlærer Kari-Anne Vatland uttaler seg på vegne av mange tilsette på skulen.

- Karakterar i fag seier ikkje alt om elevane. Dei har andre eigenskapar som er vel så viktige. Ikkje minst er det å ta fram slike eigenskapar viktig for dei som ikkje får det så godt til i vanlege skulefag. Gjennom dette opplegget blir dei som arbeider på skulen forplikta til å sjå etter andre ting enn berre fag, seier ho.

Dessutan kan det vera til rein praktisk hjelp i den daglege førebuinga til læraren.

- Me prøver også å ta eigenskapen som står i fokus med oss i den daglege andakten. Det er så mange gode døme på dei ulike eigenskapane i Bibelen. Det blir ei hjelp for oss når me skal førebu andakt, seier Vatland.

# Motor på hjernen og bensin i blodet

Det kan hende at du ikkje veit skilnaden på ein V6- og ein V8-motor, eller at du ikkje har snøring på korleis du skiftar bremseklossane på bilen sjølv. Du hadde klart begge deler om du hadde vore elev på valfaget 'Bil og trafikk' på Tryggheim ungdomsskule.

Tekst og foto: Knut Reier Indrebø

Bil og trafikk har berre vore på timeplanen på Tryggheim dette siste skuleåret. Då lærar Arne Kristian Helgøy første gong skulle invitera elevar med seg til faget, framheva han at det var «for dei som har bensin i blodet, motor på hjernen og som likar å skru». No er det 15 gutar og tre jenter i klassen som lærer om alt frå kalippar og hjulkapslar til forgassar og tennpluggar.

- Me har valt dette faget fordi me er interesserte i bil og mekking, verken meir eller mindre, seier Tuva Marie Salte, Mattias Time og Johannes Stokkeland, alle tiandeklassingar.

## Amatør-ekspertar

Me møter dei saman med lærar Helgøy i ein av garasjane under Vestbakken, like ved

ungdomsskulen. Der står ein litt sliten, men framleis køyrbar, Toyota 2001-modell. Ein brukt motor med alle deler har også fått plass like ved. Desse er vel det næraste ein kjem ei skulebok i faget, for bilen og motoren blir brukte til både demonstrasjon og undervisning, og for at elevane skal få prøva seg fram med litt skruing og mekking. Dei lærer sjølvstilt korleis bil og motor fungerer, men og om viktig vedlikehald på køyretøya.

- Målet er å visa korleis ein kan gjera enkle ting, som å pussa rust, lakka, skru av hjul og skifta bremsekiver og -klossar. Det er mange ting ein har lov å gjera sjølv, og det er mykje å spara for dei som veit kva ein skal gjera. Det er uansett greitt å få øva på denne bilen først, seier Helgøy.

## Må læra seg bilspråket

Elevane må også læra seg namn og uttrykk som har med bil og motor å gjere. Til dømes er ei av vurderingane i faget at dei må skrive ned namn på så mange ting dei klarar som har med bil å gjere. Ofte vil det å kunna ord og uttrykk bidra til auka kunnskap om korleis bilen faktisk fungerer. Elevar på dette valfaget kan til dømes forklara kva ABS er, dei veit skilnaden på ein V8 og ein V6, og dei har kontroll på kva det vil seie at ein bil til dømes har 2 liters motor.

- Me kjem fort innom andre fag også. Når me til dømes snakkar om motorvolum, kor mykje to liter eigentleg er og kor mykje det utgjer i «kubikk», då blir det plutsleg ein del matte i dette. Andre gonger kjem



12 Arne Kristian Helgøy forklarar korleis ein sjekkar nivået på motorolja. Tuva Marie Salte, Mattias Time og Johannes Stokkeland har snart kontroll på det meste som har med bilhald å gjere.

me innom kva som er god økonomi når ein har bil. Den billige bilen kan bli ganske dyr, seier Helgøy, som mellom anna har hatt arbeid som bilseljar tidlegare.

- Elevane likar nok best å skru, men kan godt snakka mykje om bil også. Eg trur eg har eigd 58 bilar sjølv, og kan berre stå og fortelja om svakheiter og fordeler med ulike bilar. Då er elevane veldig interesserte, seier han.

## Trafikalt grunnkurs

I tillegg til å læra mykje om korleis bilen fungerer, gir dette valfaget også trafikalt grunnkurs, eit kurs alle må gjennom for å kunna starta øvingskøyning med bil. Det vil seie at elevane også skal lære om trafikkreglar og samhandling i trafikk, i tillegg til førstehjelp.

- Ein av timane laga me til to ovale løyper i gymsalen som kryssa kvarandre fire gonger. I desse løypene skulle elevane køyra rundt på rullebrett, der ein person gjekk bak og gav fart – men også hadde bind for auga. Dei måtte bli samde om reglar for å klare å kome seg gjennom løypa utan å køyre utfor eller kollidere med kvarandre. Reglane dei enda opp med til slutt, minna forunderleg mykje om dei reglane me har elles i trafikken. Kanskje kan dette vera med på å opna auga deira for at trafikkreglane me har er ganske fornuftige når alt kjem til alt?

## Leiarhjørnet

Tekst: Tron-Arild Grødum

**I disse dagar har me tre fyrsteårsstudentar og seks PPU-studentar frå UiS som er i praksis hjå oss på Tryggheim ungdomsskule. Det er fantastisk spanande å få lov til å vera praksisskule og ha studentar. Det tyder at me kvart år er med på å utdanna personar som skal ut i dei ulike skulane rundt om i landet. Ei særskild viktig oppgåve og eit samfunnsansvar. Me som arbeider i skulen, er heldige. Kvar dag får me møta born og ungdommar. Personar som er i ferd med å gå frå barndom til ungdom og vidare til vaksen. Det er eit privilegium å få stå i ei slik teneste.**

Læreryrket har alltid vore viktig, men kanskje er det endå viktigare i dag enn tidlegare? Læraren som skal undervisa og sikra læring, motivera og leggja til rette for den einskilde. Ein som synar veg og går føre, syner omsorg, trøystar og samstundes set grenser. Oppdragar og normdannar. Ein som har ansvar for å sjå enkelteleven, og som samarbeider med foreldre/føresette og andre instansar innanfor og utanfor skulen. Det kan vera slitsamt, men og ei svært takknemleg oppgåve.



Tron-Arild Grødum

Me set pris på om du vil vera med å be for personalet ved skulen. Me treng mykje visdom og tolmod.

For nokre år sidan fekk eg eit dikt frå ein klasse som eg hadde vore klassestyrar for.

### Lærer

*Intet er betre enn å få lov til å bruke livet sitt på noe som betyr noe.*

*Å være lærer betyr noe.*

*Du har evnen til å røre ved liv på utallige, vidunderlige måter. Vær takknemlig for at du er lærer!*

Ukjend forfatter

Kjenner du ein lærar du skulle gitt eit oppmuntrande ord til?

# Nyansatte på Tryggheim VGS

## Spørsmål:

1. Fra
2. Tittel på Tryggheim
3. Underviser i/arbeidsoppgaver
4. Favorittmat
5. Interesser
6. Opptatt av



## Haldis Kleppe Akselsen, 43 år

1. Kleppe.
2. Lærer.
3. Tysk og spansk.
4. Hmm, lasagne kanskje.
5. Familien, internasjonalt arbeid, språk og reiser.
6. Jesus. Heie frem positive egenskaper hos barn og unge. Integrasjon.



## Randi Skjørestad, 36 år

1. Opprinnelig fra Bryne, men har bodd på Ognå i 18 år.
2. Miljøterapeut/vernepleier.
3. AT-avdelingen.
4. Komle.
5. Musikk, sosialt lag, lese en god bok, skating og snowboard.
6. At alle mennesker skal bli sett, verdsett, hørt og respektert. Brenner for musikk.



## Kristian Birkeland, 31 år

1. Opprinnelig fra Bekkarfjord i Finnmark, men bosatt på Nærbø.
2. Lærer.
3. Spansk, kristendom og matte. Har oppgaver rettet mot møter og bibelgruppene på skolen.
4. Liker det meste.
5. Glad i trening som sykkel, jogging og ski.
6. Drømmer om at mange av elevene våre må få bli kjent med Jesus og bli godt forankret i troen i løpet av årene her på skolen. Brenner også for misjon. Vi nordmenn er rikt velsignet både åndelig og materielt – dette kan vi ikke holde for oss selv.



## Ida Maria Ous, 33 år

1. Født i Danmark, bor på Kåsen.
2. Lektor.
3. Matematikk.
4. Chocolate Toffee – twist.
5. Tverrfløyte, bassgitar og piano. Liker en god drøs med kaffe og sjokolade. For ikke å glemme Misjonssalen i Sandnes, barn, mann og Jesus.
6. Jesus og tilpasset opplæring i matematikk også for faglig sterke elever.



## Yngve Litleskare Leine, 35 år

1. Opprinnelig fra Alversund nord for Bergen, bor for tiden i Stavanger.
2. Lærer.
3. Engelsk og kristendom.
4. Pörkölt med galushka – en ungarsk hønsegryte.
5. Film, musikk, matlaging, gaming og historie.
6. Lesing, læring og kunnskap, og ønsker at elevene mine også skal se gleden i dette.



## Navn: Kirsten Marie Kvía Oma Alder: 31 år

1. Opprinnelig fra Nærbø, men bor nå på Bryne.
2. Lærer.
3. Samfunnsfag og engelsk.
4. Indisk.
5. Baking og film.
6. Se den enkelte elev og være med å skape engasjement blant elevene. Tverrkirkelig fellesskap er også noe jeg brenner for, og er derfor med å arrangere Sisterhood i Føyland/Orstad kirke.



**Ingrid Tveita, 20 år**

1. Opprinnelig fra Fitjar, men bor nå rett ved siden av Tryggheim.
2. Miljøarbeider.
3. Er med i det sosiale på ettermiddagene og i helgene for å være en del av miljøet og arrangere ting som elevene kan være med på.
4. Fleskepannekaker med bacon.
5. Elsker snowboard og gleder meg til Tonstadli. Liker ellers godt friluftsliv og musikk.
6. Et godt miljø hvor en kan være seg selv og utvikle seg som menneske, og få utvikle seg åndelig.



**Lise Ødegaard Særheim, 50 år**

1. Vigrestad
2. Lærer
3. Tysk, norsk og samfunnsfag.
4. Mors oksesteik.
5. Tur og friluftsliv, håndarbeid, lesing og reising.
6. Stort engasjement for skole og læring samt å være på tur i Guds flotte natur. Opptatt av elevenes trivsel, motivasjon og læring, at de blir kjent med Jesus og at de utvikles til gode, ansvarlige samfunnsborgere og medmennesker.



**Veronica Engestøl, 30 år**

1. Opprinnelig fra Lillestrøm, men bosatt på Nærbø.
2. Lærer.
3. Naturfag og matematikk.
4. Kjøtt eller fisk med fløtegratinerte poteter.
5. Hyttetur, kopper med te og en god bok.
6. Barna mine hjemme og det å være en god lærer på Tryggheim.



**Berit Bryne, 53 år**

1. Bryne.
2. Lærer.
3. Norsk og engelsk.
4. Komla.
5. Familie og venner, lesing, strikking, gode filmer, faglig utvikling - og mange andre ting som jeg ikke har tid til nå – som hagearbeid. Venter optimistisk på ny vår i hagen.
6. Friskoler, pedagogikk, livslang læring og utvikling i inkluderende fellesskap, kristelig ungdomsarbeid.



**Sondre Frøyland Svensen, 28 år**

1. Opprinnelig fra Asker, men bor nå i Sandnes.
2. Lærer.
3. Engelsk, norsk og kristendom.
4. Pizza.
5. Musikk, teologi og matlaging.
6. At kristne skal vite at det de tror på, er fornuftig. Det er særlig viktig for unge.



**Ole Anders Nødland, 20 år**

1. Opprinnelig fra Dirdal, men har nå leilighet på Nærbø i regi av Tryggheim.
2. Miljøarbeider.
3. Aktivisere elevene på fritiden, og være et åndelig forbilde samt skape et godt fellesskap blant dem.
4. Buuz – en mongolsk rett.
5. Gud, trening, film og sosialt.
6. Klima og miljø. Brenner også for viktigheten av bønn og levende tro.



**Olaf Engestøl, 30 år**

1. Opprinnelig fra Iveland, bor nå på Nærbø.
2. Lærer.
3. Norsk.
4. Sauekjøtt.
5. Lesing, matlaging og turgåing.
6. Kunnskapsglede i skole og menighet.

# Frå kjøkkentroppen til fjelltoppen

«Det er den draumen me ber på...» heiter det i diktet til Olav H. Hauge. Men, som det stadig viser seg: alle drøyer ikkje likt! Og at det gjekk omkring ein kokk med såpass luftige og bratte draumar på Tryggheims kjøkken, var det få som visste før Tryggheimhelsing vart tipsa, og då må me jo sjølvsgt finna ut litt meir...

Tekst: Sofie Braut  
Foto: Privat

- Altså, det er jo mange som har vore på Kilimanjaro då, seier Lillian Sirevåg audmjukt, når Tryggheimhelsings utsende ber om ein liten audiens på pauserommet på kjøkkenet for å få vita meir om ein serdeles sprek og langreist haustferie til Afrikas myteomspunne tak. Men la oss slå det fast med ein gong: Sjølv

Ikkje berre solskin sør for ekvator heller. Guiden Filip og Lillian

om Kilimanjaro som med sine 5895 m.o.h. tronar som verdas høgaste frittliggende fjell, er godt besøkt, veit me ikkje at så veldig mange Tryggheimtilsette har teke turen. Framleis er fjellet nordaust i Tanzania eit draumemål for spreke turfolk, og i denne kategorien er det lett å plassera Lillian. Ho har alltid hatt interesse for fjellturar både på toppar og i dalbotnar, og Kilimanjaro har vore ein draum for henne i lange tider, utan at ho heilt kan gi eksakte grunnar for at nettopp dette fanga interessa hennar.

- Men dette er eit prosjekt som både kostar ein del og krev langsiktig planlegging, så det er mykje som skal klaffa, fortel Lillian som toppa turlaget sitt med tre av dei vaksne barna sine. For Lillian vart det ekstra kjekt å oppfylla denne draumen saman med familie.

- Me var berre oss fire i reisefølgjet, forklarar Lillian, men oppfølginga var det ikkje noko å seia på, ettersom eit mannskap på tolv, inkludert to guidar, kokk og berehjelp var med på laget. Alt låg



dermed til rette for at den spreke sirevågsbuen skulle få klatra til topps på draume-tinden.

Vi må jo nesten spørja kokken om korleis kokkeleringa er på ei slik utflukt, og Lillian legg ut om alt frå velling i vrangstrupen til meir vestlege variantar, utan at noko av turmaten automatisk vert innført som standardservering for internatbuarane med det første.

Og om maten var spennande, var det absolutt spenning knytt til sjølve oppstiginga også, for sjølv om så mange som 35.000 gjestar fjellet årleg frå heile verda, er det slett ikkje alle som når toppen. Og sjølv den rutinerte turgåaren kjende at dette kravde sitt. Ein må vera påpasseleg for å unngå den frykta høgdesjuka som fort kan råka den som vert for ivrig. Dette er nemleg eitt av dei store fjella som er oppnåelege for ein normalt sprek og målretta turgåar, sjølv om namnet betyr «vanskeleg å klatre».



- Det var magisk å nå toppen, smiler Lillian, som var svært takksam for at alle i reisefølgjet var saman også den siste etappen. Akkurat behageleg var det neppe. For å tima dette inn måtte dei ut or teltet kl. 01:30 om natta og peisa av garde i avpassa tempo og med kvalme og oppkast som konstante påminningar om at kroppen

kranglar litt med kvar av dei over fem tusen høgdemetrane. Men litt må ein gjerne ofra for å nå eit mål, og klokka 08:30 den 9. oktober, etter å ha brukt sju timar på dei drygt fem siste kilometrane, sto ho endeleg på den vidgjetne toppen, med både skydekke og savanne langt nedanfor seg. Den mektige opplevinga kalla salmestrofene

fram i tryggheimkokken som siterer «O store Gud, når jeg i undring aner, hva du har skapt i verden ved ditt ord...». Og sjølv eit låglandsmenneske med tilløp til stovegris-mentalitet som underteikna, forstår at det er noko med det, når den draumen ein ber på, som ved eit trylleslag vert omgjort til eit minne for livet.



Seksjonsleiar Bjarte Gudmestad for bygg- og anleggsavdelinga gler seg over at elevar får eit nytt utdanningstilbod på Tryggheim.

## Tryggheim skal utdanne anleggsmaskinførarar

Frå hausten 2021 får skulen utdanningsprogrammet Vg2 anleggsteknikk.

Tekst og foto: Knut Handeland

Utdanningsdirektoratet har godkjent Tryggheim sin søknad om utviding med programområdet Vg2 anleggsteknikk. Skulestyret vedtok nyleg oppstart av Vg2-tilbodet frå hausten 2021, og me gler oss over denne utvidinga, seier seksjonsleiar Bjarte Gudmestad.

- Bransjen treng fleire lærlingar, og vegen framover ser bokstaveleg talt

ut til å trenge mange maskinførarar, seier han og viser til plan for ny ferjefri E39 Kristiansand-Trondheim som eit av mange prosjekt som vil krevje anleggsteknisk kompetanse.

- Samtidig har me inne ein søknad om å auke elevtalet på heile avdelinga frå dagens 65 til 85 elevar. Det vil gje meir fleksibilitet og eit økonomisk sunnare

reknestykke når skulen utvidar med Vg2 anleggsteknikk, forklarar seksjonsleiar.

---

# Fra Tryggheim – og ut i verden

- Skoletiden og det kristne fellesskapet på Tryggheim var avgjørende for at vi valgte å gå videre på Gå Ut-Senteret. Vi ønsker å lære mer om det som betyr aller mest.

*Tekst: Magne Vik Bjørkøy*

I flere år har Normisjons misjonsskole i Trondheim rekruttert mange tidligere elever fra Tryggheim. I år er det seks av de 25 studentene som har bakgrunn herfra. I starten av november reiste de ut til teamtjeneste i et misjonsfelt, en viktig del av studieåret på Gå Ut-Senteret.

- Vi bestemte oss ikke samtidig for å søke på Gå Ut-Senteret, og ble litt overrasket da vi oppdaget hvor mange Tryggheim-elever som skulle hit. Men jeg tror det har å gjøre med at det var mange fra Tryggheim som hadde gått her før, og at nettopp de kom på besøk med stand og PR for misjonsskolen i fjor høst, sier Vilde Tvenning Mæland fra Bømlo.

## **Verdifullt**

Alle de seks tidligere Tryggheim-elevene er studenter på linjen «Global disippel», som innebærer fire og en halv måned i et misjonsland. Noen skal reise til Paraguay, andre til Etiopia, Kambodsja, Bangladesh, Equador eller Etiopia. Oppgavene spenner fra arbeid med gatebarn og skoleundervisning til evangelisering og menighetsarbeid.

Siden studiestart i august har de forberedt seg grundig til misjonsreisen. Snakket om hva en så tett teamtjeneste kan gjøre med hver enkelt, jobbet mye med kommunikasjon i møte med nye



kulturer og forberedt seg på gode møter med menneskene de skal arbeide sammen med.

- Da jeg begynte her, hadde jeg veldig fokus på avreisen. Men de to første månedene her har vært viktige og verdifulle som læring og forberedelse. Jeg har lært mer om Gud og om troen min - og fått et tydeligere fokus på at teamreisen ikke bare er et eventyr. Det ligger noe meningsfullt i bunn, sier Marita Martinsen fra Randaberg, som skal tilbringe de neste månedene i Paraguay.

- Jeg gleder meg veldig til å komme i gang på misjonsfeltet, og tror vi trenger det perspektivet som fire og en halv måned i en annen del av verden gir. Vi er så heldige som har vokst opp her, og det er viktig å kunne se en annen virkelighet og forhåpentligvis bidra. Jeg har forventninger til at Gud kan bruke oss, sier Vilde Tvenning Mæland.

#### **Godt forberedt**

Rektor Ørjan Tinnen mener studentene ved Gå Ut-Senteret skal være godt forberedt på det som venter dem i ulike destinasjonene som misjonsskolen sender ut til.

- Hele høsten her har handlet om å forberede utreisen for studentene. Det er unikt med vår skole at samtlige studenter skal ut på reise, derfor gjennomsyres dagene av dette fokuset, forteller han.


- *Hva håper du studentene sitter igjen med?*

- Vår erfaring er at de får et nytt perspektiv på verden, et innblikk i at livet handler om mer enn oss selv. Så ønsker vi også at de skal få oppleve flere sider av det å følge Jesus, og at det kan ha ulike uttrykk i ulike kulturer, sier rektor ved Gå Ut-Senteret, Ørjan Tinnen.



*Fem av de seks tidligere Tryggheim-elevene som nå studerer på Gå Ut-Senteret, og er i gang med sin misjonsreise. Fra venstre: Ingrid Raknes Friestad, Marita Martinsen, Vilde Tvenning Mæland, Johanne Vik og Marie Pettersen. Lars Audun Bøen har også tatt turen fra Tryggheim til Gå Ut-Senteret, men var ikke på skolen den dagen bildet ble tatt. (Foto: David Einan)*

Returadresse:  
Tryggheimhelsing  
Tryggheimveien 13  
4365 Nærbø



# En hilsen fra Etiopia

For nesten et år siden takket jeg ja til plassen på Gå Ut-Senteret uten å vite hvilket eventyr jeg hadde takket ja til. Nå, et år senere, bor jeg i Etiopia sammen med tre andre. Jeg visste lite om hvordan hverdagen kom til å bli i et så annerledes land. Heldigvis har Etiopia og folk her allerede fått en stor plass i hjertet mitt, og jeg er bare halvveis i oppholdet. Til nå har jeg vært her i litt over to og en halv måned og har to og en halv måned igjen før jeg sitter i Norge igjen. Mye rikere enn før jeg dro hit.

*Tekst: Ingrid Rakes Friestad, elev Trygghein vgs 2016-19, elev ved Gå Ut-Senteret 2019-20  
Foto: Privat*

Hverdagen har aldri før vært så givende og spennende som her i Etiopia. Å få bruke tid sammen med Guds minste, som uten tvil har de største hjertene, gir en enormt stor glede. Hverdagen vår består av å jobbe i barnehagene til My Sisters - en norsk organisasjon som gir de fattigste barna i Addis Abeba barnehageplass slik at de enslige mødrene kan jobbe på dagtid fremfor å passe på barna. Under mottoet «gi meg ikke en fisk, men lær meg heller å fiske» hjelper de unge kvinner til å jobbe seg ut av den absolutte fattigdommen slik at ungene kan få seg en utdanning.

Til tross for at vi store deler av tiden jobber på My Sisters, får vi være med på mye annet spennende, som å feire jul sammen med 700 mennesker som ellers lever det brutale livet ute på gata. Her fikk vi synge julesanger på amharisk, som vi egentlig forsto lite av, og servere et måltid. Å få lov til å dele ut mat og gaver til de som ikke har noe, var veldig givende. Å se smilene og takknemligheten til disse menneskene setter dype spor.

Dette er uten tvil noe av det mest spennende jeg har fått være med på! Å leve så tett på en annen kultur, med så imøtekommende og nydelige mennesker anbefales virkelig.



*To norske GUS-elever som trives i barnehagen!*

*Ingrid prøver tradisjonelle etiopiske klær.*



*Ingrid (t.h.) sammen med etiopiske barnehagebarn og medelevene Nathalie Ljøkjell og Lena Samnøy.*